



Erling Brattlid
Flatøyvegen 104
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1048 - 14/3491

Saksbehandlar:
Ingrid Moe
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:
19.03.2014

Avvisning av søknad om løyve til oppføring av mur og garasje på gnr. 1 bnr. 355

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av mur motteke Meland kommune 10.09.12, samt søknad om oppføring av garasje motteke 23.02.11 og manglende dokumentasjon stempla motteke 16.05.11 på eigedomen gnr. 1 bnr. 355 på Flatøy. I brev datert 22.01.14 blei eigar informert om at søknadene var mangelfulle, og bedt om å sende inn manglende dokumentasjon.

Meland kommune har ikkje mottatt naudsynt dokumentasjon for å kunne handsame søknadene, og har etter ei ny vurdering konkludert med å avvise søknadene.

Vurdering/rettsleg grunnlag:

Meland kommune har ein plikt til å handsame søknadar. Enten må kommunen treffe eit vedtak om å avvise søknad eller må kommunen realitetsbehandle søknad som endar i avslag eller løyve. Utgangspunktet er det allmenne forvaltningsrettslege prinsipp om at kvar og ein sak skal førebus og handsamas utan ugrunna opphald, jfr. Forvaltningslova § 11 a fyrste ledd. Hovudregelen er at ein søknad skal bli realitetsbehandla, og eit vedtak om å avvise søknad krev heimel etter plan- og bygningslova.

Plan- og bygningslova § 21-4 første ledd slår fast at “[n]år søknaden er fullstendig, skal kommunen snarest mulig og senest innen den frist som framgår av § 21-7, gi tillatelse dersom tiltaket ikke er i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.”

Meland kommune plikter å realitetsbehandle ein søknad som er fullstendig. Det er berre ein søknad som ikkje er “fullstendig” som kan avvisast jfr. Pbl. § 21-4 første ledd.

Vilkåra for at ein søknad skal vere fullstendig følgje av pbl. § 21-2 første til fjerde ledd jfr. SAK10 § 5-4. SAK10 § 5-4 slår fast at søknaden skal «*inneholde opplysninger som nevnt nedenfor i tredje ledd bokstav a til q i den utstrekning de er relevante for tiltaket og nødvendige for kommunens behandling*».

Ein må gå igjennom innkomne opplysingar, og samanhilde desse med dei opplysningane som er «*relevante for tiltaket og nødvendige for kommunens behandling*», jf. SAK10 § 5-4. Spørsmålet er om kommunen har nok dokumentasjon for å kunne realitetsbehandle saken.

I denne samanheng visast det til brev datert 22.01.14, der kommunen etterlyste dokumentasjon, i tråd med forvaltningslova § 17 første ledd som krev at «[f]orvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes».

I utgangspunktet vart søknad om oppføring av garasje på eigedommen vurdert som fullstendig, og det blei gitt løyve. Fylkesmannen i Hordaland oppheva Meland kommune sitt delegasjonsvedtak av 17.02.12, og uttalde at;

«Slik Fylkesmannen ser saka vil det vere vanskeleg å vurdere garasjen sin plassering før ein veit om muren kan stå. Fylkesmannen kan ikkje sjå at den aktuelle saka, slik den no ligg føre, oppfyller kravet i fvl § 17 om at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før vedtak vert treft.

Kommunen må etter søknad ta stilling til om muren kan stå og eventuelt vurdere avbøtande tiltak ved plassering av denne. Fylkesmannen kan ikkje ta stilling til plassering av garasjen så lenge dette inneber at garasjen kjem inn på eit fundament som ikkje er godkjent av kommunen. Fylkesmannen vil også gjere merksam på at dersom det er muren som tek sikt, må vilkår om avbøtande tiltak knytast til denne og ikkje til garasjen dersom denne ikkje tek meir sikt enn det muren allereie tar.»

I brev datert 22.01.14 blei det retta krav om søknad om ansvarsrettar, konsekvensvurdering av murens plassering, betre teikningar, avklaring av privatrettslege forhold og nabovarsel. De fekk ein frist til 01.03.14, å sende inn komplett søknad.

Meland kommune har per dags dato ikkje motteke naudsynt dokumentasjon. Når søknad om mur ikkje er fullstendig, kan Meland kommune heller ikkje ta stilling til søknad om garasje. Begge søknadene er derfor mangelfulle, og fyller ikkje krava i plan- og bygningslova § 21-2 første ledd, andre punktum jfr. SAK10 § 5-4 tredje ledd.

Vedtak:

Ettersom søknadene framleis er mangelfulle, blir søknad om løyve til oppføring av mur motteke Meland kommune 10.09.12, samt søknad om oppføring av garasje motteke 23.02.11 avvist jfr. Plan- og bygningslova (pbl.) § 21-4 første ledd, jfr. Pbl. § 21-2 jfr. byggesaksforskrifta (SAK10) § 5-4 jfr. ikkje lovfesta forvaltningsrettslege prinsipp. Søknadene gjer ikkje naudsynte opplysningars for at Meland kommune skal kunne realitetsbehandle søknadene.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe
byggjesaksrådgiver/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Andersen	Flatøyvegen 90	5918	FREKHAUG
Linda og Ståle Andersen	Flatøyvegen 102	5918	FREKHAUG

Mottakere:

Erling Brattlid	Flatøyvegen 104	5918	FREKHAUG
-----------------	-----------------	------	----------